



**STORD
KOMMUNE**



Foto: Emma Ölander Aadland

1. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV KOMMUNESTYRET	3
1.1 KOMMUNALE EIGEDOMSGEBYR 2025	3
1.1.2 TILKNYTINGSGEBYR	4
1.1.3 RENOVASJONGEBYR	4
1.1.4 TØMING SLAMAVSKILJAR	6
1.2 GEBYRREGULATIV FOR REGULERING, BYGGESAK OG OPPMÅLING	7
1.3 BETALINGSSATSAR FOR BRANN OG REDNING	30
1.3.1 FEIING OG TILSYN	30
1.3.2 SAKSHANDSAMING OG TILSYN FYRVERKERI	31
1.4 GEBYR FOR SAKSHANDSAMING, ADMINISTRASJON OG KONTROLL AV GRAVEARBEID OG ARBEIDSVARSLING	31
2. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV UTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR	32
2.1 BETALINGSSATSAR FOR STORD KULTURSKULE	32
2.2 BETALINGSSATSAR FOR PLESS I SKULEFRITIDSORDNINGA	32
2.3 BETALINGSSATSAR FOR PLESS I KOMMUNALE BARNEHAGAR	34
2.4 LEIGESATSAR FOR UMLEIGE AV SKULEBYGG I HELGAR/OVERNATTING	34
2.5 UMLEIGESATSAR FOR STORD KULTURHUS	35
3. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV UTVAL FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG	38
3.1 BETALINGSSATSAR FOR OMSORGSTENESTER	38
4. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV UTVAL FOR BYUTVIKLING	41
4.1 BETALINGSSATSAR FOR KOMMUNALE PARKERINGSPLASSAR	41
4.2 BETALINGSSATSAR FOR LEIGE AV TORGPLASS	42
5. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV FORMANNSKAPET	43
5.1 BETALINGSSATSAR FOR LANDBRUKS- OG HAVBRUKSSAKER	43

1. Gebyr som er vedtekne av kommunestyret

1.1 Kommunale egedomsgebyr 2025

Kommunestyret vedtar årleg nytt gebyrregulativ i samband med budsjettbehandlinga.

Årsgebyr for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

Abonnementsgebyr:

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester. Inntektene frå gebyret skal fortrinnsvis dekkje tenestenes kapitalkostnader. I 2025 forventast dette å utgjera ca. 50 % for vatn og 50 % for avløp.

Forbruksgebyr:

Blir fastsett enten etter faktisk vassforbruk eller stipulert etter størrelsen på bustaden. Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 0,9 m³/m². For fritidsbustad skal faktoren være 0,45 m³/m². For naust skal faktoren vera 0,45 m³/m², dersom dette må stipulerast. For tappepunkt/vasspost skal det leggjast til grunn 15 m³, dersom dette må stipulerast. Vatn- og avløpsgebyra reknast etter prinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut.

Differensiert abonnementsgebyr:

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- Bustadeigedom og fritidsbustadar: per buening.
- Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom: avhengig av vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom, sjå tabell under.
- I bygning der kommunen har gitt løyve til at fleire eigedomar kan dele vassmålar: per brukseining.

Vassmålaravlesing:

Abonntar som har vassmålar eig sjølv vassmålaren, og kostar sjølv installasjon, drift og utskifting av denne. Alle vassmålararskal lesast av to gongar årleg, innan medio juni og medio desember. Målarstand skal rapporterast på svar-SMS eller på målar kort etter avtale.

Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abonnten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremmast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Gebyrsatsar (alle satsar er inklusiv meirverdiavgift):

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Eining/tal	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
		2024	2025	2024	2025
Bustadeigedom og fritidsbustadar	Per buening	4.725	4.913	5.309	5.191
Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom:					
<i>Kategori 1 (0-300 m³)</i>	1	4.725	4.913	5.309	5.191
<i>Kategori 2 (301-1.000 m³)</i>	3	14.175	14.738	15.927	15.574
<i>Kategori 3 (1.001-3.000 m³)</i>	6	28.350	29.475	31.854	31.148
<i>Kategori 4 (3.001-6.000 m³)</i>	12	56.700	58.950	63.708	62.295

Kategori 5 (6.001-20.000 m ³)	24	113.400	117.900	127.416	124.590
Kategori 6 (20.001-50.000 m ³)	50	236.250	245.625	265.450	259.563
Kategori 7 (50.001-150.000 m ³)	100	472.500	491.250	530.900	519.125
Kategori 8 (150.001-500.000 m ³)	150	708.750	736.875	796.350	778.688
Kategori 9 (500.001-1.000.000 m ³)	300	1.417.500	1.473.750	1.592.700	1.557.375
Bygning der fleire eigedomar deler vassmålar	Per brukseining	4.725	4.913	5.309	5.309

	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
Målt forbruk (kr/m ³)	2024	2025	2024	2025
Alle abonnentar	28,20	28,11	35,25	36,15

1.1.2 Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyr er et eingongsgebyr som skal betalast for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Gebyret skal betalast ved tilknytning av:

- Tilknytning av eigedom.
- Tilknytning av eigedom som kommunen krev tilknytt.
- Eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.

For bustadar skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per buening.

For nærings eigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per brukseining.

Kombinasjonseigedom skal betale gebyr for kvar del etter reglane over.

Tilknytingsgebyret skal være betalt før tilknytning.

		Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
Tilknytingsgebyr (kr)	Eining/tal	2024	2025	2024	2025
Bustadeigedom og fritidsbustadar	Per buening	25.000	25.000	25.000	25.000
Nærings eigedom	Per brukseining	25.000	25.000	25.000	25.000

Gebyrreduksjon i årsgebyret i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag:

Årsgebyret reduserast med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgnet.

Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar:

Dersom abonnenten unnlét å foreta ei avlesing i tråd med lokal forskrift og kommunen må foreta avlesinga: kr 1.250 per gong per vassmålar.

Gebyr for avstenging og påsetting av vassforsyninga:

Dersom kommunen føretek avstenging eller påsetting: kr 2.500 per gong per eigedom.

1.1.3 Renovasjonsgebyr

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) er skipa for å ivareta innhenting og avfallsdeponering i distriktet. Føremålet med kjeldesortering er å ta vare på ressursane i avfallet, og unngå miljølempar på fyllplassen. Alle husstandar skal sortera avfallet i fem grupper:

- Bio-avfall (brunt lok)
- Papiravfall (blått lok)
- Restavfall (svart lok)
- Glas og metallavfall (Ny dunk; oransje lok)
- Plastemballasje (eigen sekk)

Grunnlag for gebyra:
Gjeld eigedom med fast busetnad.

Husholdningsrenovasjon	2025 (eks mva)	2025 (inkl mva)	Standardløysing (eks mva)	Standardløysing (inkl mva)
Abonnementsgebyr bustad	1 026	1 283	1 026	1 283
Abonnementsgebyr hytter	1 163	1 454		
Bioavfall 140	455	569	455	569
Glas- og metallavfall 140/8	184	230	184	230
Glas- og metallavfall 660/8	529	661		
Papir 140/4	222	278	222	278
Papir 240/4	360	450		
Papir 660/4	1 005	1 256		
Restavfall 140/2	603	754		
Restavfall 240/2	1 026	1 283	1 026	1 283
Restavfall 370/2	1 554	1 943		
Restavfall 660/2	2 855	3 569		
Restcontainer 8m ³	34 633	43 291		
Totalt for husstand som vel standardløysing:			2 913	3 641

- Ordninga med tøming restavfall kun pr 2. veke vert ført vidare.
- Sekkerrenovasjon/fritaksdunk etter søknad: Kr. 1 586,- (inkl. mva. Abonnementsgebyr kjem i tillegg.)
- Ekstrasekk restavfall SIM per stk.: Kr 60,- (inkl. mva)
- Kontrakt om heimekompostering gjev reduksjon i avgifta på kr 569,- (inkl. mva)
- Felles bruk av dunkar kan gje ytterlegare reduksjon.
- Det kan søkjast om fritak for dunkavgift ved bruksendring av eigedomen. Eventuelt fritak vert gjort gjeldande frå første terminskifte.
- Fritak for grunngebyr kan berre innvilgast ved at eigedom ikkje vert nytta permanent / varig.

Glas og hermetikk:

Det vert frå og med 2020 innført ny ordning med dunkar for glas og hermetikk, med tøming kvar 8. veke. Tidlegare innsamlingspunkt i kommunen vert fjerna. På innsamlingspunkt for hytteavfall, vil det vera egne dunkar for glas og hermetikk, for hytteabonnentar.

Plast:

Rein plastemballasjeplast, som plastflasker/-kanner, plastfolie/-posar, plastboksar/-beger og blomsterpotter skal leverast i spesielsekker som kan delast ut ved alle SIM sine miljøsentralar. Nye sekkar kan også leverast ved å knyta ein plastretursekk til papirdunken ved tøming. Sekkane skal setjast ut på tømmedag saman med papirdunkar.

Tekstilar og kler:

Eigne sekkar til tekstilar og kler kan hentast på miljøsentralen og sekkane kan leverast der.

Miljøsentralar:

Avfall som ein ikkje har lov å kaste i dei tre dunktypene bio, papir og rest, eller som ein ikkje har plass til der, kan leverast på ein av SIM sine miljøsentralar.

Fritak kjeldesortering:

Det kan søkjast om fritak for kjeldesortering ved spesielle tilhøve, t.d. sjukdom/funksjonshemming. Det kan då

gjevast løyve til å levera usortert avfall, med innlevering kvar 14. dag.

Mykje avfall i periodar:

Ekstra sekker kan kjøpast hos kommunen til ei kvar tid gjeldande pris. Henting på dei dagane som er reservert for restavfall.

Deling av dunkar / fakturering:

Det er høve til å dela dunkar med nabo eller andre for å få ei lågare avgift pr. husstand.

Abonnementsgebyr:

Det vert rekna eit abonnementsgebyr for kvar abonnementsseining, d.v.s. kvar sjølvstendig hus/ husvære/ bueining/ hytte/ fritidshus m.m., med eige eller felles kjøkken/kantine. Bedrifts-/næringsverksemdar inngår ikkje i denne ordninga.

1.1.4 Tøming slamavskiljar

Slamtøming	2025 (eks mva)	2025 (inkl mva)
Heilårsbustad (tøming annakvart år)		
Hytte/fritidshus (tøming kvart 4. år)		
Minireinseanlegg skal ha tøming kvart år		
Heilårsbustad		
0 - 4,0 m3 (ein husstand)	880	1 100
4,1 – 9,5 m3 (ein husstand)	1054	1 318
9,6 – 16,5 m3 (ein husstand)	2456	3 070
Felles tank uavhengig av volum, gebyr per husstand	615	769
Fellestank fritid uavh. av volum pr. eining	308	385
Slam, årleg tøming		
0 - 4,0 m3 (ein husstand)	1809	2 261
4,1 - 9,5 m3 (ein husstand)	3517	4 396
Felles tank, årleg tøming, pr husstand	1231	1 539
Hytte/fritidshus (tøming kvart 4. år)	453	566
Felles tank fritid uavh. av volum pr. eining	308	385

Ekstra tøming/tilleggsarbeid vert fakturert direkte frå SIM.

MERKNAD:

Det er ikkje utarbeidd særskilt gebyrgrunnlag for avfallsavgift og slamtøming, då dette vert utført som leigd teneste av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

Kommunal kostnad går fram av driftsbudsjettet.

1.2 Gebyrregulativ for Regulering, byggesak og oppmåling

1.2.1 Generelle føresegner

§ 1.1 Føremålet og verkeområde til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester:

- Kapittel 2: Private planforslag etter plan- og bygningslova
- Kapittel 3: Byggje-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova
- Kapittel 4: Seksjonering etter eierseksjonslova
- Kapittel 5: Oppmåling etter matrikkellova
- Kapittel 6: Handsaming etter forureiningsforskrift av utslepp av sanitært avløpsvatn

§ 1.2 Føresegner om betaling

§ 1.2.1 Betalingsplikt og gebyrsatsar

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betala gebyr. Gebyrsatsane kjem fram av kapittel 2 til kapittel 5. Gebyra er rekna i tråd med gebyrføresegner i respektive særlover/-forskrifter, samt føresegner i sjølvkostforskrifta.

For enkelte tenester vil statlege gebyr, til dømes gebyr for tinglysing eller dokumentavgift fakturerast i tillegg til gebyra etter denne forskrifta.

§ 1.2.2 Tidspunkt for fakturering, tidspunkt for utrekning av gebyra og fakturamottakar

For private planforslag gjeld følgjande regler for tidspunkt for fakturering og utrekning av gebyr:

- Gebyr for planoppstart vert fakturert som hovudregel etter avhalde oppstartsmøte. Kommunen kan fakturera for planinitiativ før oppstartsmøtet er halde. Dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturera for planinitiativ når saka avsluttast.
- Gebyr for andre møte vert fakturert etter avhalde møte, så lenge ikkje anna er avtalt.
- Resterande gebyr vert fakturert samtidig med kommunen si avgjerd om offentlig ettersyn.
- Gebyret vert rekna med satsar som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen.
- Gebyrkravet vert retta til den som har underskrive planforslaget som forslagsstillar, viss ikkje anna vert avtala i oppstartsmøtet.

For byggjesak, delesak, utsleppssak og eigarseksjonering gjeld følgjande regler:

- Gebyr vert fakturert når kommunen har ferdig handsama eller avslutta saka.
- Gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad vart motteke av kommunen.
- Gebyrkrav vert retta til den som har underskrive søknaden som tiltakshavar, viss ikkje anna er avtala eller følgjer av søknaden.

For oppmåling etter matrikkellova gjeld følgjande regler:

- Gebyr vert fakturert når kommunen har ferdigbehandla eller avslutta saka.
- Gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet fullstendig søknad/rekvisisjon er motteke.
- Kommunen kan krevja gebyr betalt inn forskotsvis, jf. matrikkelforskrifta § 16.
- Gebyrkravet vert retta til den som har underskrive rekvisisjonen, viss ikkje anna er avtalt.

§ 1.2.3 Tidspunkt for betaling

Gebyr, utgiftsdekningar mv. etter denne forskrifta forfell til betaling etter påkrav i tråd med faktura. Ved manglande betaling kjem purregebyr og renter, jf. forsinkelsesrentelova og Forskrift om renter ved forsinka betaling. Dersom faktura ikkje vert betalt etter purring, vert kravet sendt til innfordring, jf. inkassoforskrifta.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket i saka er klagt på, eller om det er søkt om reduksjon av gebyr.

§ 1.3 Gebyr og priser i regulativet

Gebyra reflekterer kommunen sitt arbeid med dei ulike sakene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Kommunestyret vedtek gebyra årleg. Kommunestyret kan fastsetja gebyr lågare enn sjølvkost.

§ 1.4 Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar og utgreiingar i medhald til lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg blir det fakturert for arbeidet kommunen har med å henta inn slik bistand etter medgått tid jf. § 3.14.

§ 1.5 Klage

Når gebyret har heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 eller eigarseksjonslova § 15, er det ikkje høve til å klaga på gebyret i den enkelte saka. Kommunen sitt vedtak etter § 1.6 i saker om reduksjon av gebyr er enkeltvedtak. Det kan klagast på vedtaket til statsforvaltaren i Vestland etter reglane i forvaltningslova. Klage på gebyr fører ikkje til utsetjing av betalingsfristen.

§ 1.6 Urimeleg gebyr

Dersom kommunen etter eigen vurdering eller etter skriftleg søknad ser at gebyret er openbart urimeleg i forhold til det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt og klart over sjølvkost, skal gebyret setjast ned til eit høveleg gebyr.

Søknad om å setja ned gebyret utset ikkje betalingsfristen.

§ 1.7 Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta vert det nytta følgjande forkortingar og definisjonar:

- a. Anleggseigedom: Eit volum kor grensene er fastlagt i grunnriss og høgde, til dømes underjordisk anlegg for parkering.
- b. Arealføremål: Arealføremåla går fram av pbl § 12-5 og kart- og planforskrifta, vedlegg I, A.
- c. Arealoverføring: Arealoverføring nyttast når areal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan utan at det etablerast ny matrikkeleining.
- d. Avklaringsmøte i byggjesaker: Møte mellom kommunen og søker etter førehandskonferanse, for å konkretisera og avklara spesifikke problemstillingar knytt til planføresegner og andre problemstillingar i byggjesaka
- e. Avklaringsmøte/dialogmøte i plansak: Møte mellom kommunen og forslagsstillar enten før planoppstart eller i etterkant av oppstartsmøte. Avklara informasjon, formidla kunnskap om eit bestemt område, konkretisera og avklara. Eit avklaringsmøte kan i nokon grad seia noko om naudsynt prosess og behov for utgreiing.
- f. Bebygd areal (BYA): Bebygd areal for ei tomt er summen av bebygd areal for alle bygningar, bygningsdelar og bygningskonstruksjonar over bakken, opent overbygd areal og naudsynt areal for biloppstillingsplassar på tomta, slik det går fram av målereglene i byggt teknisk forskrift kapittel 5.
- g. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stove, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå andre einingar. Den respektive lov bestemmer kva som er ei bueining.
- h. Bruksareal (BRA): Bruksareal slik det kjem fram av målereglene i byggt teknisk forskrift kapittel 5.
- i. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bueining, garasje, anneks/uthus, kontoreining, verkstad og lager. Den respektive lov bestemmer kva som er ei brukseining.
- j. Bygningstype: Standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter NS-3457 Bygningstypetabell. Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe bustad. Bygningstypar frå 211 til 840 er alt anna enn bustad.
- k. Førehandskonferanse for byggjesak: Møte for avklaring av rammer og innhald i tiltaket jf. pbl § 21-1 før byggjesøknad vert sendt inn til kommunen.
- l. Grunngelyr: Gelyr som skal dekkja dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen. Gelyret er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- m. Konsekvensutgreiing (KU): Særskilt vurdering og beskriving av verknadane til planen for miljø og samfunn.
- n. Kulturminneinteressar: Bygningar og anlegg som er freda etter kulturminnelova, regulert til bevaring, eller er registrert som kulturminne med bevaringsverdi i

kulturminneregistreringane til kommunen og i kommunedelplanane for kulturminne, kulturmiljø og bygningsvern.

- o. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister kor kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eigedomen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer, har desse verdien null (0).
- p. Matrikkeleining: Grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrund.
- q. Oppstartsmøte: Lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommunen i plansaker. Møtet tar for seg alle tema som er naudsynt for å klargjera føresetnadene for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget.
- r. Pbl: Plan- og bygningslova.
- s. Planinitiativ: Eiga dokument som forslagsstillar må senda til kommunen før oppstartsmøtet for private planforslag. Skal i naudsynt grad omtala premissane for det vidare planarbeidet. Krav til innhald i planinitiativet går fram i forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter pbl.
- t. SAK: Forskrift om byggjesak (byggjesaksforskrifta).
- u. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekkja oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik i saka/tiltaket/planen mv.
- v. Søknadspliktige tiltak: Tiltak som det må søkjast om etter plan- og bygningslovgivinga.
- w. Tilleggsdel: Tillegg til hovuddel, for eksempel bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal.
- x. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- y. Verna område: Verneområde er områder der myndigheitene har bestemt at naturen skal bli verna mot inngrep eller forstyrring. Ulike reglar gjeld for dei forskjellige typene verneområde som nasjonalparkar, landskapsvernområde og naturreservat.

1.2.2 Gebyr private planforslag

Kapitelet inneheld gebyr for sakshandsaming av private planforslag etter plan- og bygningslova.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med planinitiativ, oppstartsmøte og for handsaming av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument kan det fakturerast tilleggsgebyr.

Alle innsendte planforslag utløyser grunngebyr etter § 2.3.1. I tillegg kjem det gebyr etter §§ 2.3.2 til 2.3.8 avhengig av innhald i planforslaget. Ved planforslag som ikkje vert fremja jf. pbl § 12-11, må det betalast gebyr for planinitiativ, oppstartsmøte og for handsaming av innsendt planforslag, samt eventuelle tilleggsgebyr.

For informasjon om tidspunkt for berekning og fakturering, og fakturamottakar, sjå § 1.2.2.

§ 2.1 Gebyr for arbeid med oppstart

§ 2.1.1 Gebyr for planinitiativ

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eit initiativ. I fall planinitiativ må sendast inn fleire gonger, fakturerast gebyr per sending.

Planinitiativ		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Kr 9 573,-
Vnr. Y	Planinitiativ som sendast inn fleire gonger	Per påfølgjande planinitiativ	Kr 4 025,-

§ 2.1.2 Enkeltgebyr for møter

Møter		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppstartsmøte	Per planforslag	Kr 17 710,-
Vnr. Y	Oppstartsmøte mindre endringar etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planforslag	Kr 10 465,-
Vnr. Y	Avklaringsmøte med forslagsstillar/plankonsulent utover oppstartsmøte	Per møte	Kr 8 050,-

§ 2.1.3 Råd i planlegginga - usemje på vesentlege punkt

Tilleggsgebyr for politisk råd		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak til politisk utval om å gi råd ved usemje på vesentlege punkt i oppstartsmøte i ei detaljreguleringssak etter pbl § 12-8 første ledd	Per planinitiativ	Kr 16 100,-

§ 2.1.4 Stans av planinitiativ

Tilleggsgebyr for politisk avgjerd		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Dersom forslagsstillar krev avgjersla om stans av planinitiativ førelagt politisk utval til handsaming etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planinitiativ	Kr 17 308,-

§ 2.2 Mangelfulle plandokument

Mangelfulle plandokument		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tillegg for planforslag som ikkje er levert etter gjeldande standard for kart og geografisk informasjon eller kommunens retting av plandokument	Per time	Kr 1 610,-

Gebyr gjeld i dei tilfelle kommunen har meirarbeid ved retting av planforslaget og/eller tilhøyrande dokument.

§ 2.3 Gebyr for handsaming av privat planforslag

§ 2.3.1 Grunngjebyr for planforslag

Gebyr som skal dekkja dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltaketets kompleksitet og storleik.

Grunngjebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Private planforslag	Per planforslag	Kr 172 540,-

§ 2.3.3 Planar med konsekvensutgreiing og/eller planprogram

For planforslag som krev konsekvensutgreiing (KU) og/eller planprogram skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planprogram og/eller konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14		Utreknings-eining	Gebyr
Vnr. Y	For planar som krev konsekvensutgreiing	Per planforslag	Kr 22 540,-
Vnr. Y	For planar som krev konsekvensutgreiing og planprogram	Per planforslag	Kr 49 374,-

§ 2.3.4 Arealføremål og omsynssoner i planforslaget

Det skal betalast tilleggsgebyr dersom planforslaget inneheld over 10 arealføremål og/eller 5 omsynssoner. Gebyrgivande arealføremål er gitt av underføremål i pbl §12-5 og omsynssoner definerast i vedlegg 1 til kart- og planforskrifta.

Arealformål og omsynssoner		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Over 10 arealføremål	Per planforslag	Kr 11 270,-
Vnr. Y	Over 5 omsynssoner	Per planforslag	Kr 11 270,-

§ 2.3.5 Arealgebyr for arealet i planen

Dersom arealet til planen er over 5 daa, skal det betalast tilleggsgebyr etter følgjande tabell:

Arealet i planen		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	5.001-10.000 m ²	Per planforslag	Kr 11 270,-
Vnr. Y	10.001-20.000 m ²	Per planforslag	Kr 16 100,-
Vnr. Y	Over 20.000 m ²	Per planforslag	Kr 22 540,-

§ 2.3.6 Arealgebyr for areal regulert til bygg og anlegg (jf. Pbl § 12-5 nr. 1)

Dersom arealet som er avsett til utbygging innafor planområdet, jf. Pbl § 12-5 nr. 1 er over 6000 m² skal det betalast tilleggsgebyr.

Areal til utbyggingsføremål (gjeld for både bustad, fritidsbustad, næring mv.)		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	6.001-15.000 m ²	Per planforslag	Kr 6 440,-
Vnr. Y	15.001-30.000 m ²	Per planforslag	Kr 9 660,-
Vnr. Y	30.001-45.000 m ²	Per planforslag	Kr 16 100,-
Vnr. Y	Over 45.000 m ²	Per planforslag	Kr 22 540,-

§ 2.3.7 Tilleggsgebyr for vertikalnivå

Planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, jf. kart- og planforskrifta § 9, 3. ledd.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per vertikalnivå utover eitt	Kr 4 787,-

§ 2.3.8 Forhold til overordna planer i kommunen

Dersom planforslaget er vesentleg i strid med kommuneplanens arealdel, føresegner og målsettingar må det betalast eit tilleggsgebyr.

Planforslagets forhold til overordna planer		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	I strid med kommuneplan	Per planforslag	Kr 28 980,-

§ 2.4 Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr.

Utfylling og endring av plan		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Små endringar i reguleringsplan eller utfyllingar, til dømes justering av arealføremål jf. pbl § 12-14 andre ledd – som kan handsamast administrativ	Per endringsforslag	Kr 17 711,-
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd, endra areal er under 2 daa – som krev politisk handsaming	Per endringsforslag	Kr 42 665,-
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd, endra areal er over 2 daa – som krev politisk handsaming	Per endringsforslag	Kr 61 985,-
Vnr.	Endringar som vert handsama som ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per planforslag	Gebyr etter § 2.3

§ 2.5 Gebyr ved avslutning av planprosess

Dersom planinitiativ/planforslag vert trekt eller ved manglande oppfølging frå forslagsstillar, skal forslagsstillar betala ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga. Dersom det ikkje er varsla oppstart av plan innan 6 månadar etter gjennomført oppstartsmøte, kan kommunen avslutta planprosessen.

Tilsvarende gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 18 månadar etter kunngjering av oppstart. Dette gjeld med mindre kommunen og forslagsstillar har avtala noko anna.

Avslutning av planprosess		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Dersom saka vert trekt før oppstartsmøte	Per planinitiativ	Gebyr etter § 2.1.1
Vnr. Y	Etter oppstartsmøtet, men før innsending av komplett forslag	Per planoppstart	Gebyr etter § 2.1 pluss 20 % av gebyr etter 2.3
Vnr. Y	For sak som vert avslutta etter påbegynt sakshandsaming, men før førstegongshandsaming	Per planforslag	Gebyr etter § 2.1 + grunngebyr +50 % av gebyr etter 2.3
Vnr. Y	For sak som vert avslutta etter påbegynt sakshandsaming og etter førstegongshandsaming	Per planforslag	Fullt gebyr

§ 2.6 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningslova som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapitlet, vert fakturert etter medgått tid. Arbeid kommunen har med utbyggingsavtaler vert fakturert etter medgått tid. I spesielle saker/atypiske saker kan kommunen på førehand avgjera at saka vert fakturert etter medgått tid.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr 1 610,-

§ 2.7 Gebyrfritak

§ 2.7.1 Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å handsama planforslag frå offentlege forslagsstillar når planen skal ivareta offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2.7.2 *Unntak gebyrfritak – ulovleg statsstøtte*

Offentlege forslagsstillar, derunder kommunale føretak, som fremjar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med privat forslagsstillar og skal betala gebyr.

§ 2.7.3 *Planforslag frå offentlege forslagsstillar med kommersielle interesser*

Der deler av planen frå offentlig forslagsstillar, til dømes kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal det betalast gebyr for den aktuelle delen av planen etter § 2.1-§ 2.6.

§ 2.7.4 *Areal som det ikkje bereknast gebyr av*

Den del av planforslaget som regulerast til LNF, offentlege grønstruktur- og friluftsføremål, verneområde samt eksisterande offentlege trafikkområde skal ikkje tas med i utrekninga av gebyret.

1.2.3 Gebyr byggje- og delesaker

Kapitelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av byggje- og delesaker etter plan- og bygningslova.

For alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova skal det betalast gebyr. Samla gebyr inneheld grunngjebyr, sakshandsamingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyve som for avslag.

Gebyra gjeld for både eitt-trinns søknadar og rammesøknadar. I begge tilfelle er ferdigattest som kommunen sender ut innan fem år etter at løyve er gitt inkludert i gebyret.

Første Igangsetjingsløyve er inkludert i gebyret for sakstypen. Påfølgande igangsetjingsløyve fakturerast etter § 3.9.

§ 3.1 Tilsyn etter plan- og bygningslova

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollera at tiltak blir gjennomført i samsvar med føresegner gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekkja lovbrøt og verka førebyggjande. 10 % av gebyret dekkjer tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3.2 Grunngjebyr

Kommunen fakturerer grunngjebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngjebyret skal dekkja korrespondanse i saka fram t.o.m ferdigattest der denne vert gjeve innan fem år etter opphavleg byggjeløyve. Grunngjebyret dekkjer såleis dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltakets art, kompleksitet og storleik m.m. Til dømes mottak av søknad, innregistrering, journalføring og arkivering.

Grunngebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr Y	Grunngebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn gjennom elektronisk søknadsportal	Per søknad	Kr 3 646,-
Vnr Y	Grunngebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn på papir og e-post	Per søknad	Kr 4 271,-

§ 3.3 Matrikkelføringsgebyr

For matrikkelføring av nye bygningar skal det betalast gebyr som skal dekkja kostnadene knytt til arbeid som må gjerast i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal og betalast ved endring av brukseining.

Registreringsgebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Registreringsgebyr søknadspliktige tiltak m. ansvarsrett	Per brukseining	Kr 2 813,-
Vnr. Y	Registreringsgebyr søknadspliktige tiltak u. ansvarsrett	Per brukseining	Kr 2 188,-

§ 3.4 Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Dersom søkjar ikkje har komplett søknad etter første mangelbrev frå kommunen, kjem det gebyr for kvart følgjande mangelbrev som blir sendt.

Mangelfull søknad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Utsending av mangelbrev frå og med det andre	Per mangelbrev	Kr 3 438,-

§ 3.5 Førehandskonferanse og andre møter

Det skal betalast gebyr for førehandskonferanse eller andre møter. Gebyra omfattar også førebuing og etterarbeid/referat. Ved avlysing av møte med kommunen mindre enn 48 timer før møtets avtalte starttidspunkt, fakturerast halvt gebyr. Ved etterfølgjande mottak av byggjesøknad i samsvar med førehandskonferansen som er halde vert 30 % av førehandskonferansegebyret refundert.

Førehandskonferanse etter pbl § 21-1		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Førehandskonferanse for utbyggingsprosjekt	Per møte	Kr 12 813,-
Vnr. Y	Førehandskonferanse for tiltak på private eigedomar	Per møte	Kr 6 042,-
Vnr. Y	Avklaringsmøte i byggjesak	Per time	Kr 1 250,-

§ 3.6 Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak pbl § 20-4, jf. byggjesaksforskrifta §§ 3-1 og 3-2.

§ 3.6.1 Oppretting og endring av grunneigedom

Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom med grenser som er i samsvar med fastsette reguleringsplan, utbyggingsplan eller tomtedelingsplan	Per søknad	Kr 8 333,-

Vnr. Y	Tillegg per parsell frå og med nummer to i same søknad	Per påfølgande parsell	Kr 2 500,-
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom i regulert område, men føremålsliner/eigedomsgrenser framgår ikkje av fastsett plan	Per søknad	Kr 9 896,-
Vnr. Y	Tillegg per parsell frå og med nummer to i same søknad	Per påfølgande parsell	Kr 3 125,-
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom i uregulert område	Per søknad	Kr 13 646,-
Vnr. Y	Tillegg per parsell frå og med nummer to i søknad	Per påfølgande parsell	Kr 5 625,-
Vnr. Y	Søknad om arealoverføring der tilleggsareal er under 250 m ²	Per arealoverføring	Kr 5 208,-
Vnr. Y	Søknad om arealoverføring der tilleggsareal frå 250 m ²	Per arealoverføring	Kr 7 083,-
Vnr. Y	Vedtak om oppretting av anleggseigedom	Per anleggseigendom	Kr 13 933,-

§ 3.6.2 Tiltak utan krav til ansvarleg føretak

I ein søknad som inneheld fleire tiltak, skal det betalast gebyr for dei 2 tiltaka med høgast gebyr.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre tiltak på bygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Kr 8 054,-
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per tiltak	Kr 4 960,-
Vnr. Y	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per tiltak	Kr 4 846,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Kr 13 554,-
Vnr. Y	Mellombelse bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c t.d. salsbod, uteservering, telt ol.	Per tiltak	Kr 7 367,-
Vnr. Y	Andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn tiltakshavar kan stå for, jf. pbl 20-4,e	Per tiltak	Kr 5 075,-
Vnr. Y	Mellombelse bygningar jf. pbl § 20-4 c. t.d. brakker for kontor, bustad, undervisning, kantine mv.	Pr bygning	Kr 14 127,-

§ 3.6.3 Søknad om tilknytting til privat avløpsanlegg jf. Pbl § 27-3

Søknad om tilknytting til privat avløpsanlegg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilknytting til privat avløpsanlegg	Per time	Kr 1 250,-

§ 3.7 Søknadspliktige tiltak som krev ansvarleg føretak (med ansvarsrett) - pbl § 20-3

§ 3.7.1 Bustad, fritidsbustad, rekkehus, kjedehus, store bustadbygg og andre bygg og anlegg, jf. § 20-1 a og b

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadføremål og anna enn bustadføremål), vert gebyr berekna separat for den einkilde kategori.

§ 3.7.1.a Bustad og fritidsbustad

Bustad og fritidsbustad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Einebustad og fritidsbustad Bygningstype 111,113, 161-163	Per bygning	Kr 18 596,-
Vnr. Y	Einebustad med sekundærbustad bygningstype 112	Per bygning	Kr 22 263,-
Vnr. Y	Tomannsbustad Bygningstype 121-124	Per bygning	Kr 25 471,-

§ 3.7.1.b Rekkehus, kjedehus, andre småhus, store bustadbygg og blokker

Store bustadbygg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For første 1-10 bueiningar i same bygg Bygningstype 131-159	Per bueining	Kr 14 013,-
Vnr. Y	Deretter for 11-20 bueiningar i same bygg Bygningstype 131-159	Per bueining	Kr 5 958,-
Vnr. Y	Deretter for 21-30 bueiningar i same bygg Bygningstype 131-159	Per bueining	Kr 3 208,-
Vnr. Y	Deretter for 31 bueiningar og over i same bygg Bygningstype 131-159	Per bueining	Kr 2 063,-

§ 3.7.1.c Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad og fritidsbustad anna bustadbygning

Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad og fritidsbustad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Garasje, uthus, anneks, naust mv. Bygningstype 181-183	Per tiltak	Kr 8 627,-
Vnr. Y	Bustadbrakker og anna bustadbygning Bygningstype 193-199	Per bygning	Kr 20 773,-

§ 3.7.1.d Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad og fritidsbustad

Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilbygg, påbygg eller underbygg som ikkje gjev nye bueiningar Bygningstype 111-199	Per tiltak	Kr 9 085,-
Vnr. Y	Tilbygg/påbygg/ombygging som gjev nye bueiningar Bygningstype 111-199	Per bueining	Kr 15 846,-

§ 3.7.1.e Anna enn bustad

Ein søknad som inneheld fleire brukseiningar, betaler gebyr for dei 3 brukseiningane med høgast gebyr.

Anna enn bustad		Utrekningseining	<250 m ² BRA	251- 500 m ² BRA	500 – 2500 m ² BRA	>2500 m ² BRA
Vnr. Y	Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype: 211-219	Per brukseining	Kr 25 000,-	Kr 47 471,-	Kr 72 221,-	Kr 99 033,-
Vnr. Y	Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype: 221-229;323	Per brukseining	Kr 25 000,-	Kr 47 471,-	Kr 72 221,-	Kr 99 033,-
Vnr. Y	Lager-, fiskeri- og landbruksbygg, parkeringsbygg ol. Bygningstype: 231-249;431-439	Per brukseining	Kr 25 000,-	Kr 47 471,-	Kr 72 221,-	Kr 99 033,-
Vnr. Y	Kontor- og forretningsbygg mv. Bygningstype: 311-322;329-429;441-449;731-739, 840	Per brukseining	Kr 45 000,-	Kr 63 283,-	Kr 84 138,-	Kr 108 658,-
Vnr. Y	Bygg for overnatting mv. Bygningstype: 511-529	Per brukseining	Kr 45 000,-	Kr 63 283,-	Kr 84 138,-	Kr 108 658,-
Vnr. Y	Bygg for servering mv. Bygningstype: 531-539	Per brukseining	Kr 25 000,-	Kr 47 471,-	Kr 72 221,-	Kr 99 033,-
Vnr. Y	Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype: 611-649;671-679, 661-669, 830	Per brukseining	Kr 45 000,-	Kr 63 283,-	Kr 84 138,-	Kr 108 658,-
Vnr. Y	Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651-659	Per brukseining	Kr 45 000,-	Kr 63 283,-	Kr 84 138,-	Kr 108 658,-
Vnr. Y	Sjukerhus og andre bygg for behandling Bygningstype: 719-729	Per brukseining	Kr 45 000,-	Kr 63 283,-	Kr 84 138,-	Kr 108 658,-
Vnr. Y	Fengselsbygg og beredskapsbygg Bygningstype: 819-829	Per brukseining	Kr 45 000,-	Kr 63 283,-	Kr 84 138,-	Kr 108 658,-
Vnr. Y	Tilbygg og påbygg for anna enn bustad Bygningstype: 211-840	Per tiltak	Kr 18 000,-	Kr 28 221,-	Kr 41 971,-	Kr 54 346,-

§ 3.7.1.f Konstruksjon og anlegg

Konstruksjon og anlegg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre private anlegg for inntil 2 eigedomar (reinseanlegg, slamavskiljar, mindre brygger/flytebrygger/kaier, molo o.l.)	Per tiltak	Kr 7 138,-
Vnr. Y	Private stikkleidningar (mindre VA-anlegg)	Per tiltak	Kr 6 908,-
Vnr. Y	Større anlegg (kraner, større brygger/flytebrygger/kaier, molo o.l.)	Per tiltak	Kr 21 919,-
Vnr. Y	Større kommunaltekniske hovudleidningsanlegg (VA-anlegg, avløpsspumpeasjon o.l.)	Per tiltak	Kr 24 096,-
Vnr. Y	Idretts-/sportsanlegg utan bygning/tribune t.d. fotball-, skeisebane og liknande.	Per tiltak	Kr 16 419,-
Vnr. Y	Innhegning (til dømes støyskjerm, gjerder, levegg, vøller, mur)	Per tiltak	Kr 6 221,-
Vnr. Y	Svømmebasseng, dam/brønn o.l	Per tiltak	Kr 9 315,-

§ 3.7.2 Fasadeendring, jf. pbl § 20-1 c

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Fasadeendring på bustadbygg, konstruksjon eller anlegg knytt til bustad	Per tiltak	Kr 5 877,-
Vnr. Y	Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg knytt til anna enn bustad	Per tiltak	Kr 6 908,-

§ 3.7.3 Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak, jf. § 20-1 d.

Gebyr reknast i prosent av gebyret for sakstypen det endrast til.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Bruksendring mv. til bustad med endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	50 % av gebyret etter § 3.7.1

Vnr. Y	Bruksendring mv. til anna enn bustad med endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	50 % av gebyret etter § 3.7.1
Vnr. Y	Bruksendring mv. utan endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	30 % av gebyret etter § 3.7.1
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining	Per søknad	Kr 6 908,-
Vnr. Y	Vesentleg endringar i planløysinga t.d. hovudombygging	Per søknad	80 % av gebyret etter § 3.7.1

§ 3.7.4 Riving av tiltak, jf. § 20-1 e.

Når søknad om tiltak også inneheld søknad om riving for oppføring av erstatningsbygg på same staden, vert det ikkje teke gebyr for riving.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Rivning mv. av bygg, konstruksjon, anlegg inntil 100 m ²	Per søknad	Kr 7 481,-
Vnr. Y	Rivning mv. av bygg, konstruksjon, anlegg over 100 m ²	Per søknad	Kr 10 131,-

§ 3.7.5 Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar, jf. § 20-1 f.

Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons/sprinklar-/antenne-/energiforsyningsanlegg, heis og liknande	Per tiltak	Kr 7 710,-
Vnr. Y	Skorstein, trappeheis, slukbytter og hulltaking i brannskilje	Per tiltak	Kr 4 158,-
Vnr. Y	Endring i bygningens berekonstruksjonar	Per tiltak	Kr 5 190,-
Vnr. Y	Leskur, sykkelstativ/-hotell og andre bymøblar	Per søknad	Kr 4 960,-
Vnr. Y	Nedgrave avfallscontainere, energibrønnpark, og liknande tiltak under grunnen	Per søknad	Kr 9 085,-

Vnr. Y	Pullertar for fortøyning av fartøy og andre sikringstiltak	Per søknad	Kr 5 190,-
Vnr. Y	Statuer, minnesmerke og andre kunstverk	Per søknad	Kr 5 877,-

§ 3.7.6 *Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar for bustad, jf. § 20-1 g.*

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Samanføyning av brukseiningar for bustad mv.	Per søknad	Kr 4 502,-
Vnr. Y	Oppdeling av brukseiningar for bustad mv.	Per ny bueining	Kr 14 700,-

§ 3.7.7 *Oppføring av innhegning mot veg og skilt og reklame, jf. § 20-1 h og i.*

Det betalast ikkje eige gebyr for søknad om skilt som går inn i søknad om nybygg eller utvendig ombygging eller ved fasadeendring

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h og i		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Innhegning mot veg (eksempelvis støyskjerm, gjerde, voller, m.m.)	Per tiltak	Kr 7 252,-
Vnr. Y	Skilt på fasade	Per tiltak	Kr 1 282,-
Vnr. Y	Andre skilt	Per tiltak	Kr 4 502,-

§ 3.7.8 *Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg, jf. § 20-1 j.*

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Utrekningseining	Gebyr
